



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

1976

Namnet på vatnet Rundeelvatn
Kommune Sunde Fjord

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulentten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

L A N D A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 5. aug. 1976

Vatnet ligg i Vindafjord kommune, nærare stadfest i Vats, og på vestsida av vegen mellom Velle og Landa.

Arealet er omlag 50 ha. og h.o.h. 15 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men etter det ein har fått opplyst skal største djup vere ca 15.0 m.

Stranda består for ein stor del av sump og myr, og stort sett med gjørmebotn over det heile.

Vegetasjon og nedslagfelt.

Det er ein frodig vegetasjon i strandsona og ein vil m.a. finna tjønnaks, nøkkeroser, flotgras, snelle, siv og algevegetasjon fra strandkanten og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark og noko myr.

Hovudtilsaget er 2 bekker som fell inn i sør-aust og avlaupet renn ut i nord til Vatsvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 7.2, alkalisk vatn, som er sjeldan å finna i dag og som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 3.6 mg/l og den totale hardheita 7.6 mg/l. Dette er bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne 61.2.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 125 muslingar, 55 fjærmygglarver, 3 fåbørstemark og 2 iglar - tilsaman 1850 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 39 fåbørstemark, 26 fjærmygglarver

og 24 muslingar - i alt 890 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er godt med næringsdyr i vatnet og langt over det vanlege i høve til andre vatn.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på 50.0 m med planktonhov og resultatet må karakteriserast som ein ganske rik prøve der dyreplankton dominerte.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, røyr, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 34 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var 24 røde, 9 lys-røde og 1 kvit i fiskekjøttet.

4 fiskar var svakt angripne av parasittar (måkemark).

Vidare var der 15 hanfiskar og 19 hofiskar.

17 fiskar (50%) var gytefisk - resten gjellfisk.

Medel fyllingsgrad 2.1.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.9	10.8	17.5	23.7	28.0	33.7
Årleg lengdetilv. i cm	4.9	5.9	6.7	6.2	4.3	5.7
Antall fiskar	34	34	34	28	15	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.11 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Landavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Landavatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg stort sett godt over normalkurven. Det oppsvinget kurven gjer det 5. året skuldast berre 1 fisk, så det er rimeleg at eit medel av fleire fiskar ikkje ville ha gitt fullt så god vekst ved 5 års alder. Stort sett går auren mot ei maksimalleng på ca. 35 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som rela. næringsrikt og med eit fiskebestand som ser ut til å vera godt avpassa næringsforrådet.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse gode. Alkalisk vatn er ikkje det vanlege i fiskevatn i dag og "bufferemne" tilseier små svingningar gjennom året i pH.

Botnprøvene gav også eit resultat som ligg langt over medels, samanlikna med andre analyserte vatn og planktonprøven var god. Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, fortel om fisk av ymse årgangar og storleikar.

Kondisjonsfaktoren tilseier fin, feit fisk og vekstkurven er mykje tilfredstillande.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei stor rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjelog fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringsgrunlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Landavatnet er bra i så måte og gjødselverknaden frå gardsbruka omkring gir seg utslag i eit alkalisk og næringsrikt vatn.

Fåren med vatn av dette slaget kan vera overgjødsling og forureining, som igjen gjev seg utslag i periodevis oksygensvikt.

Ingen ting tyder på at dette er tilfelle her, men ei noko større gjennomstrøyming i nedbørsfattige bolkar, ville vore ynskjeleg. Ein annan ting, som har spela ei heilt avgjerande rolle når det gjeld fiskekvaliteten i Landavatnet, er den utfiskinga som har gått for seg i dei siste 10 åra. Før denne tid, får vi opplyst, var vatnet sterkt overbefolka og fisken ikkje brukande som folke-mat. Johan Velde gjekk så i gang med utfisking og med eit sær vellukka resultat.

Gytetilhøva er stort sett tilfredstillande og vil under normale tilhøve kunna stå for den naudsynte rekrutteringa.

Praktiske tiltak.

Den utfiskinga som har gått for seg i seinare tid må halde fram omlag som før. Berre på den måten kan ein halde oppe den nåverande

fiskekvaliteten og unngå overbefolkning.

Då der er stingsild i vatnet, og denne er mellomvert for måke-
mark, må ein alltid grave ned fiskeslo og anna fiskeavfall slik
at korkje husdyr (katt) eller fugl får tak i dette.

Det er også i dette høvet viktig at vatnet ikkje blir overbefolka,
då fisk i overbefolka vatn har lettare for å bli infisert med
måkemark enn i vatn med eit noko tynnare fiskebestand.

Etter det vi har fått opplyst, skal der og vera røyr i vatnet.

Det lukkast ikkje oss under prøvafisket å få dette fiskeslaget og
røyrbestandet er truleg lite i dag. Men då røyra har stor formerings-
emne, og lett for å bli dominerande der aure og røyr er i blanding,
må ein drive fiske etter røyra i det omfang det er naudynleg for å
halde bestandet i sjakk.

Ålen er eit godt betalt fiskeslag (ca kr. 15.00 pr. kg) og det er
ikkje få kilo ål som om hausten går ut av Landavatnet. Denne må
ein nyttiggjera seg og ei høvande rusa på utfallsbekken vil kanskje
vera den beste måten å fanga ålen på. Som kjent er det under flaumar
og mørk måne at utgangsålen forlet vatnet.

Til slutt må seiast at vatnet synest å vera veldrive og i god høvd.
Det er berre å ynskja tillukke med det vidare arbeidet.

Stavanger 15. mars 1977

Einar Berg